

2016

# Samarbeidsprosedyre mellom Tysnesbarnehagane og barneverntenesta i Tysnes kommune



Lena Epland Sløgedal

Tysnes kommune

20.10.2016

## Innhald

Føremålet med samarbeidsprosedyren .....	2
Anonyme drøftingar .....	2
Kontaktinformasjon til barnevernet.....	2
Rutinar for melding til barneverntenesta i Tysnes Kommune .....	3
Framgangsmåte ved melding til barnevernet .....	3
Tilbakemelding til meldar .....	3
Hente inn opplysningar .....	3
Teieplikt, opplysningsplikt og avverjeplikt .....	4
Personvern .....	4
Regler for teieplikt.....	4
Forhold som opphev teieplikta .....	4
Samtykke .....	4
Anonymiserte opplysningar .....	4
Lovbestemde unntak.....	5
Meldeplikt/opplysningsplikt.....	5
Opplysningsrett .....	5
Avverjeplikt.....	5
Evaluering .....	6
Kjelder .....	6

Godkjent i Tenesteutvalet 25. oktober 2016

## Føremålet med samarbeidsprosedyren

Tysnes barneverntenesta og barnehagane i Tysnes kommune ønskjer med denne prosedyren å inngå gode og forpliktande samarbeidsrelasjoner med kvarandre. Barnehagane og barneverntenesta samarbeider til det beste for barnet.

Samarbeidsprosedyren skal:

- Avklare nærmere ansvarsforhold mellom instansane
- Tydeleggjere oppgåvefordeling og likeverd
- Tydeleggjere reglar om teieplikt/opplysningsplikt/opplysningsrett
- Ivareta personvern for brukarane
- Gje felles fokus ved uro for eit/ fleire barn

Barneverntenesta og barnehagane har særleg behov for gode samarbeidsrutinar i dei høva der barnehagen er uroleg for barn sin omsorgssituasjon og/eller der barn har barnehage som tiltak frå barneverntenesta. Barneverntenesta og barnehagane er representert i barn og familie gruppa i Tysnes kommune og har jamleg møter i løpet av året. I tillegg har kommunen ei ressursgruppe for barn og unge, der ein til dømes kan ta opp case for å drøfte ulike problemstillingar.

Føremålet med denne prosedyren er også å sikre at reglane om teieplikt, opplysningsrett og opplysningsplikt er kjende for begge instansar og at dei vert ivaretaken i samarbeidet om einskildsaker. Det vert også viktig å utvikle innsikt og forståing i kvarandre sitt arbeid- og ansvarsområder. Samt utvikle felles fagleg kompetanse. Dette vert arbeida med i barn og familie gruppa.

## Anonyme drøftingar

Tilsette i barnehagen kan alltid drøfte si uro direkte med barneverntenesta. Drøftingar kan ikkje erstatte meldeplikta.

## Kontaktinformasjon til barnevernet

- Barnevernleiar og einingsleiar for barn og familie, Ingvild A. Hustad, **tlf. 91 91 02 17**, e-post: [ingvild.a.hustad@tysnes.kommune.no](mailto:ingvild.a.hustad@tysnes.kommune.no)
- Barnevernkonsulent, Solfrid Burkeland Smith, **tlf. 97 60 84 60**, e-post: [sbs@tysnes.kommune.no](mailto:sbs@tysnes.kommune.no)
- Barnevernkonsulent, Rolf Aarseth, **tlf. 90 24 28 44**, e-post: [rolf.aarseth@tysnes.kommune.no](mailto:rolf.aarseth@tysnes.kommune.no)
- Tiltaksarbeidar, Elin Kleppe, **tlf. 95 23 76 02**, e-post: [elin.kleppe@tysnes.kommune.no](mailto:elin.kleppe@tysnes.kommune.no)

## Rutinar for melding til barneverntenesta i Tysnes Kommune

### Framgangsmåte ved melding til barnevernet

- Dersom barnehagen vert bekymra for eit barn, skal dette som hovudregel takast opp med foreldra.
- Dersom barnehagen er i tvil om ei sak skal meldast til barnevernet, kan saka alltid drøftast anonymt.
- Når barnehagen vurderer at ei bekymring fell inn under barnevernloven § 4-4 hjelpetiltak for barn og barnefamiliar, bør barnehagen innhente samtykke frå foreldra/ dei som har omsorgsansvaret før melding vert gjeven. Samtykket frå foreldra opphev barnehagen si teieplikt, så langt samtykket gjeld.
- Ved andre meldingar jf. barnevernloven § 4-12, bør foreldra verta orientert om at melding vil bli sendt og dei bør vere kjend med innhaldet i meldinga. På oppmoding skal foreldra få kopi av meldinga, jf. Personregisterloven § 7. Styrar har ansvar for å føre på originalen kven som har fått kopi.
- Ved mistanke om at eit barn vert utsatt for seksuelle overgrep eller fysisk/psykisk mishandling, og det er grunn til å tru at barnet kan bli utsatt for truslar eller straff dersom foreldra får opplysningar om at melding vert sendt til barnevernet, skal foreldra ikkje verta orientert om at meldinga vert sendt.
- Barnehagen vurderer om saker jf. 5. kulepunkt, skal meldast til politi. Ein tilrår å drøfte framgangsmåten med barneverntenesta.
- Når meldinga vert sendt, kan ein bruke vedlagte meldingsskjema. Dersom meldar er i tvil om utforminga kan ein kontakte barnevernet for råd/rettleiring.

### Tilbakemelding til meldar

- Barneverntenesta skal gje tilbakemelding til meldar innan 3 veker om at melding er motteken, og om det er opna sak til undersøking.
- Dersom det er opna sak til undersøking skal barneverntenesta gje ny tilbakemelding innan 3 veker etter gjennomført undersøking. Det vert gitt opplysningar om saka er lagt vekk eller om saka vert følgt opp vidare frå barneverntenesta.
- Tilbakemelding om tiltaka kan verta gitt når barneverntenesta vurdere at det er naudsynt at meldar får kjennskap til tiltaka av omsyn til si vidare oppfølging av barnet.

### Hente inn opplysningar

Barnevernloven § 6-4 gjev barneverntenesta rett til å hente inn opplysningar hos offentleg mynde eller fagperson. Hovudregelen er at innhenting av opplysningar skal skje med samtykke frå den det gjeld. Unntak frå hovudregelen om samtykke trer inn i dei tilfella der barneverntenesta undersøkjer saka etter barnevernloven § 4-12. Når bekymringane er som skildra i barnevernloven § 4-4, skal samtykke til innhenting av opplysningar frå den det gjeld føreligge. Når bekymringane er som skildra i

barnevernloven § 4-12 kan opplysningars hentast inn utan samtykke. Foreldra sitt samtykke vil vere vedlagt barneverntenesta sin skriftlege førespurnad til barnehagen når det er påkravd.

Når barneverntenesta skal setje i verk eller har sett i verk tiltak som det er nødvendig at melder som er omfatta av § 6-4 anna og tredje ledd får kjennskap til av omsyn til sin vidare oppfølging av barnet, kan barneverntenesta gje meldaren tilbakemelding om tiltaka.

## Teieplikt, opplysningsplikt og avverjeplikt

Dei som samarbeider om eit barn, har etter sine respektive lovar ein ulik rett og plikt til å melde til kvarandre og andre. Kriteria for når dei kan melde til kvarandre varierer med omsyn til opplysningsrett (teierett), opplysningsplikt og meldeplikt. Ved samarbeid kan dei derfor ikkje utan vidare "melde likt", dvs. dei kan ikkje utan vidare "bytte opplysningar likt".

### Personvern

Samarbeidsinstansane skal vere merksam på personvernet til familiene det vert samarbeida om. Nedanfor er det ei kort oversikt over hovudreglar og unntak frå teiepliktreglane.

### Regler for teieplikt

Utgangspunktet for alle instansar er at dei er underlagt teieplikt om nokon sine personlege forhold. Dette inneber at teieplikta skal overhaldast med mindre det føreligg forhold som gjer at teieplikta må vike. Dette gjeld alle tenester.

Barneverntenesta si teieplikt jf. barnevernloven § 6-7, 1. ledd, pålegg ein kvar som utfører teneste eller arbeid for eit forvaltningsorgan eller institusjon teieplikt etter forvaltningsloven §§ 13 til 13e. Etter barnevernloven § 6-7 andre ledd vert teieplikta sitt område utvida ytterlegare i høve til forvaltningsloven. Ei tilsvarende tilvising finst i barnehageloven § 20 og 22.

### Forhold som opphev teieplikta

Teieplikta er ikkje til hinder for at barneverntenesta kan gje opplysningar som er teiepliktige til barnehagen, dersom det føreligg samtykke frå foreldra.

### Samtykke

Lovbestemt teieplikt kan verta oppheva ved samtykke frå den som har krav på taushet, jf. forvaltningsloven § 13a nr. 1. Eit slikt samtykke bør vere skriftleg og nedfelt i ei samtykkeerklæring. Teieplikta vert oppheva når det føreligg informert samtykke. Med informert samtykke meinast eit samtykke gitt med forståing for kven som skal få opplysningane og kva opplysningane skal brukas til. Eit slikt samtykke opphev teieplikta så langt som samtykket rekk. Dette inneber at ein ikkje kan gje andre opplysningar enn samtykket inneheld. Det er viktig å merke seg at forvaltninga må vurdere samtykket si rekkevidde. Eit samtykke kan heilt eller delvis verta tilbaketrekt kor tid som helst.

### Anonymiserte opplysningar

Lovbestemt teieplikt kan verta heva når personopplysningar er tilstrekkelig anonymisert, jf. forvaltningsloven § 13a nr. 2.

## Lovbestemde unntak

### Meldeplikt/opplysningsplikt

Meldeplikt/opplysningsplikt til barneverntenesta er eit slikt unntak, jf. barnevernloven § 6-4 andre og tredje ledd.

Melde- og opplysningsplikt vert utløyst når ”det er grunn til å tro” at eit barn vert utsatt for mishandling i heimen eller det finn seg i ein av dei alvorlege situasjonane som barnevernloven §§ 4-10, 4-11, 4-12 og 4-24 skildrar. Den som vurderer å melde frå til barneverntenesta om eit barn sin situasjon, må ikkje ha sikker viten om barnet befinner seg i en slik alvorlig situasjon, det er nok at mistanken er såpass underbygget at ”det er grunn til å tro”. I praksis vil det ofte være bekymring for barnets omsorgssituasjon eller barnets alvorlige atferdsproblem som aktualiserer melde-/opplysningsplikten.

Meldeplikta er eit sjølvstendig og individuelt ansvar som kviler på den einskilde tilsett. Kvar og ein må sjølv foreta ei konkret og skjønnsmessig vurdering av situasjonen. Det er ikkje tilstrekkelig å underrette ein overordna. Meldeplikta vert oppfylt ved at ein sender ei bekymringsmelding til barnevernet.

Barneverntenesta har tilgang til å pålegge offentleg myndigheter å gje opplysningar til barneverntenesta, jf. barnevernloven § 6-4 andre ledd. Opplysningsplikt etter pålegg er også avgrensa til forhold som fell inn under skildringane i §§ 4-10, 4.11, 4-12 og 4-24.

### Opplysningsrett

I visse situasjonar har tenestene tilgang til å gje opplysningar til andre instansar. For barneverntenesta føl denne tilgangen av barnevernloven § 6-7 tredje ledd, jf., side 10 forvaltningsloven § 13b nr. 5 og 6. Den seier at opplysningar til andre forvaltningsorgan berre kan verta gitt når det er nødvendig for å fremme barneverntenesta sine oppgåver, eller for å førebygge vesentleg fare for liv eller alvorleg skade for nokon si helse. Barneverntenesta har også tilgang til å gje opplysningar til andre når opplysningane vert brukt til det formål dei er henta inn for. Dette følgjer av forvaltningsloven § 13 b nr. 2.

For barnehagane, mfl., som er underlagt forvaltningsloven sine teiepliktsreglar, følgjer det av forvaltningsloven § 13b nr 5 at dei kan gje opplysningar til andre forvaltningsorgan dersom slik formidling er nødvendig for at tenestene best mulig kan løyse sine oppgåver.

### Avverjeplikt

Avverjeplikta er også ei sjølvstendig og individuell plikt til å handle av eige tiltak.

Kvar einskild tilsett må sjølv foreta ei skjønnsmessig vurdering av faren for overgrep. Den som forsettelig unnlæt å oppfylle avverjeplikta, kan straffast med bøter eller fengsel. Dei vurderingar ein gjer, bør difor gjerast skriftleg.

Avverjeplikt er heimla i straffeloven § 139 som pålegg, under trussel om straff, ei plikt til å forsøke å hindre visse grovare lovbrot. Dette vert gjort ved å melde til politiet eller ”på anna måte”. ”På anna måte” kan vere å gje opplysningar til vedkomande mynde, til dømes. barnevernet når barnehagen vurderer at bekymringa fell inn under barnevernloven. Melding til barnevernet kan såleis vere tilstrekkeleg både for å oppfylle meldeplikta og avverjeplikta. «Forutsetningen er at man har pålitelig kunnskap om at forbrytelsen var i gjære eller var forøvd, på et tidspunkt, da forbrytelsen eller dens følger ennå kunne forebygges. Imidlertid inntrer straffrihet såfremt avvergelsen ikke kunne skje uten

å utsette ham selv, noen av hans nærmeste eller noen uskyldig for tiltale eller fare for liv, helbred eller velferd».

Avverjeplikt gjeld kunnskap om fare for alle typar av overgrep mot barn. Kjønnslemlestelsesloven har avverjeplikta spesifikt heimla i § 2. Alle som jobbar med barn kan koma i situasjonar der det er grunn til å frykta at ei jente står i fare for å bli utsatt for kjønnslemlestelse. Etter omsetnadene trer både opplysningsplikt og plikt til å avverje overgrepet inn.

Er faren akutt, kan det vere naudsynt både med melding til barnevernet og melding til politiet.

## **Evaluering**

Tysnes barnevernteneste og styrarar vil evaluere denne samarbeidsprosedyren ein gong pr. år. Prosedyren vil bli endra i høve til evalueringa.

## **Kjelder**

- Lov av 17. juli 1992 nr. 100 om barneverntjenester (barnevernloven)
- Lov om barnehager av 1. juni 2006 nr. 64 med forskrifter og departementets merknader til bestemmelsene/Rundskriv F-08/2006 (barnehageloven)
- ”Til barnets beste – samarbeid mellom barnehagen og barneverntjenesten”, Veileder fra Barne- og Likestillingsdepartementet og Kunnskapsdepartementet
- Veileder: ”Taushetsplikt og samhandling i kommunalt arbeid for barn - ungdom – familier”, KS 2009